

# Om fritid i gamle dagar

**Gode historier.** Det vart mykje god latter av gode historier under markeringa av Kulturminneden i




Rødven. Frå venstre Jostein Hunnes, Ingjerd Sæbø og Ole Hoemsnes.

[Kjøp bilde](#)

**Kulturminneden. Ved Skulehagen museum i Rødven vart Kulturminneden 2008 markert. Det var den einaste markeringa i Rauma kommune.**

Stein Siem

Skulehagen museum og Rauma historielag stod saman om arrangementet som markerte Kulturminneden på søndag. Den landsomfattande markeringsdagen fekk altså berre ein arena i Rauma denne gongen. Tema i år var fritid. Kva vart gjort i fritida i det vi kan kalle gamle dagar?



Tre personar, som vi gjerne kan kalle lokalhistoriske veteranar, fekk høve til å stå for markeringa i Rødven. Per Arne Skomsø, som og er leiar i Rauma historielag, heldt foredrag om eigen oppvekst og eiga fritid i Måløy. Ei fritid som mest var prega av arbeid, det vi faktisk kan kalle barnearbeid, då landet skulle byggjast opp att etter krigen. Fattigdomen var så utbreidd at det barna kunne tene, vart eit viktig bidrag til familieøkonomien, eit viktig bidrag til å få endane til å møtast.

Og korleis det var i Rødven kunne dei to innfødte Jostein Hunnes og Ingjerd Sæbø fortelje om. Begge vaks dei opp på gard og fritid vart det av den grunn lite av under oppveksten. Ingjerd fortel at det vart koppevask og barnepass og det var ikkje minst arbeid i onnene og i fjøset.  
– Om kveldane vart det mørkt og då var det eigentleg best å legge seg slik at vi kunne stå opp at med lyset, fortel Ingjerd og reknar ordet fritid som nesten å vere eit ukjent omgrep i barndomen.

Jostein innrømmer ærleg at det var med stor motvilje at han måtte vere med i fjøs og på forskjellig arbeid. Men å stelle hestane vart hans arbeid og det gjorde han med glede. Jostein fortel at fritida endra seg stort etter kvart som han vaks opp og at gutane var flinke til å stele seg tid til både det eine og det andre. Forskjellige former for sport vart det mykje av. Både på ski om vinteren og fotball om sommaren. Dei sykla til og med til Åndalsnes for å spele kamp mot åndalsnesnesingane. Han fortel også at han lærte å svømme som femåring og at bading i fjorden var det mykje av i ungdomstida. Dei dreiv friidrett og det samlast ikkje minst for å spele kort. Delvis i skjul kanskje, for kortspel var bannlyst i store krinsar.

Kaia i Rødven var ein populær samlingsplass når rutebåten la til kai på vegen mellom Eidsbygda og

Molde.

– Då kunne opp mot 100 ungdomar ver samla og vi gjekk tur gjennom bygda etter at båten hadde lagt frå kai, fortel Jostein Hunnes, som eit a propos til folketalet i bygda i dag.

Per Arne Skomsø kunne summere opp det heile med å fortelje at vi i dag brukar meir pengar på fritid enn på mat her i landet.

Ja, det er akkurat difor Kulturminnedagen er skipa til. For at vi skal minnast korleis tidene forandrar seg her i landet.

Publisert mandag 15. september 2008 kl. 09:28.